



Dagleg leiar i fylkeslaget Åse Fretheim saman med Berit H. Myklebust, leiar i Uskedal helselag.

Regionsmøtet for Nasjonalforeningen for folkehelsen vart avvikla i Uskedalen, Gamleskulen 15.02.18. Dagleg leiar for fylkeskontoret, Åse Fretheim kom frå Bergen i stormen. 18 helselagsdamer frå Løfallstrand, Rosendal, Seimsfoss, Uskedalen og Husnes var med på møtet. Dei frå Hatlestrand kom ikkje på grunn av veret og tvilsam ferje.

Det var ei oppsummering av kva laga hadde dreve med i 2017 og utveksling av erfaringar før Åse la fram planar for 2018. 2018 er landsmøteår. Landsmøtet vert i Trondheim. Fylkesårsmøtet vert på Flesland. Det vert Hopp for hjarta, ein aktivitet Uskedal skule har vore med på. Helselaget håpar dei vert med også i 2018. Hjarteveke og demensaksjon kjem fast kvart år.

Nytt i år er samarbeidet Nasjonalforeningen har med Folkelig. Dei har aktivitetar som gategym, smaksverkstad og matjungel. Les gjerne meir om dei på folkelig.no. Åse nemnde også Smart på mat, eit undervisningsopplegg om mat og helse retta mot læreplanen sitt kompetansemål for 5.-7. trinn. Materiellet er gratis for skulane. Ein finn mykje god informasjon på nasjonalforeningen.no.

Det er årsmøtetid. Nasjonalforeningen hadde laga ein Vegvisar for valkomité, nokre nyttige råd og tips for arbeidet. Denne vart utdelt på møtet.

Tekst/foto: Eli Roseth Eik
Nett: Hans Ordin Østebø